Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hemne

Emne: Ard og plog

Bygdelag: Liksroken

Oppskr. av: Arne Sødal, 54 år

Gard: Kulstrø

(adresse): Kyrksæterøra

G.nr. 111 Br.nr. 7-8.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, men arden byrjar no å bli sjeldan.

2. Nei arding før såinga har eg ikkje høyrt tale om. Heller ikkje er arden brukt til å mylda ned kornet. Først eg minnest, kring 1900, var det ikkje så sjeldan at kornet på små bruk vart hakka ned med grev eller „hark", eit slag rive. Men horving var da vorte det vanlege.

3. Ja, både til å anda opp fòrer til potetene og til å anda han ned. Likeeins til å anda opp fòrer til nepa. Men den vanlege reidskapen er no hesthakka. Nei, det blir ikkje skild mellom ard og hyppeplog.

4. Nei ingen av desse er brukt her.

5. Nei.

6. Fjøla, åsen, skaftet. Skåkka (ams.)

7. Heilt like har dei nok ikkje vore. Har ikkje høyrt tale om fleire slett fjøler.

8. Nei.

9. Nei

1464

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10. Nei.

11. Nei. Arden liknar mest på fig. 14. Men utan ristille, og så ligg skaftet (som aldri er dubbelt)[xx] meir attover. Berre brukt til arding til potet og nepe. Trur ikkje fjøla har vore til å stilla. Fjøla har vore av tre eller jarn.

12. Ardane har alle vore heimelaga.

—.—

13. Ja. Etter 1900 har det knapt vorte laga plogar av bygdesmedar her.[x] Men ein og annan av desse heimegjorde plogane kan delvis ha vore i bruk til siste tid, helst da til nedpløgjing av poteten. Dei aller fleste har nok vore laga av heimesmedar.[x]

14. Nei, trur ikkje slike plogar har vore brukt her, ikkje som nokon no minst å seia frå. Fjøla var av jarn, og vridd som på fabrikkplogar, likeeins

15. Nei, ikkje noko serskild reidskap til dette bruket. Men det er vanleg å ha med seg både spade og greip og somtid og spett [xx] bort på ploglandet – til å ta opp stein, setta på ei fòr og jamna. Ofte vil molda leggja seg på plogfjøla, så grev ein av ho når det blir for mykje.

16. Det blir gjort så ymse, etter som plogen er skapa.

x) Far betalte kring 1900 20 kr for ein heimelaga plog. Nils bror fortel at han fekk gjort ein plog i 1917, av Trond Stavås.

xx) Nils bror, 65 år, fortel at han har sett ardar med dubbelt skaft, så dei har nok funnest her og i gamal tid.

1464

 

17. Ja det er mange som plar gjera det. Men inkje sers namn på klampen.

18. Ja, på dei større gardane, av di landet ofte kan vera slik at ein berre kan plögja ein viss veg.

19. Kunde vera såmuse med plog-djupna. Til potet berre grunt, mykje djupare på lausåker, og djupast på gamal moseåkre, 15-22 cm. Ein regulerte djupna med målstokin.

20. Ja.

21. Nei, trur aldri det har vore brukt.

22. Nei.

23. Nei.

Plög er berre nytta om den reidskapen som velter jorda til ei side. Plögåsen er berre nytta om plog.

Ord er her uttala åt m. -n-a-amm

Kyrksæterøra 26/3 1948.

Arne Södal

1464

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING